

# VÅGSØY KOMMUNE - KONTROLLUTVALET

## UTSKRIFT

frå

## M Ø T E B O K

---

Utval:	Sak nr.:	Arkiv:	Møtedato:
Kontrollutvalet i Vågsøy kommune	28/11	VÅ 03-11 SAK 28-11	18.08.2011

---

### SAK 28/11 ENDRING I KOMMUNELOVA - HØYRING

#### Saksopplysningar/saksutgreiing:

Med bakgrunn i «85 tilrådingar for å styrke eigenkontrollen i kommunane» har Kommunal- og regionaldepartementet (KRD) sendt ut til høyring forslag til endringar i kommunelova og enkelte andre lover. Dei har sett ein høyringsfrist til 15.09.2011. Dei har ikkje sagt noko om når eventuelt når endringane vil gjelde frå.

Eg har drøfta endringsforslaget med fleire sekretariat og legg i min omtale i det meste vekt på det vi i fellesskap har kome fram til. Eg har berre valt å kome med merknader til det som gjeld kontrollutvalet direkte.

Flg. forslag til endringa i KommuneLOVA bør kommenterast (Nummereringa/punkta nedanfor viser til punkta i utsendt høyringsforslag):

#### **2.1 – krav om at sekretariatet skal vere ubunde av revisor.**

Ikkje merknader.

#### **2.2 – avgrensing av kven som kan vere sekretær for kontrollutvalet.**

OK, men her bør KRD også klargjere legitimiteten til øvrige sekretariat der det er stilt spørsmål om organisasjonsforma er lovleg/tvilsam, jf. notat frå FKT til KRD s arbeidsgruppe. Dette av omsyn til dei som arbeider i desse sekretariata, som må oppleve det som uholdbart at dette er og vil bli uavklara.

#### **2.3 – tidspunkt for val av kontrollutval.**

Ikkje merknader.

#### **2.4 – valbarheit til kontrollutvalet.**

Ikkje merknader.

#### **2.5 – bør personar knytte til kommunale selskap kunne veljast til kontrollutvalet?**

Det er ikkje formålstenleg at medlemmer i kontrollutvalet stadig vekk må fråtre når kontrollutvalet behandlar saker som gjeld selskap der medlemmet er styremedlem. Det krev at varamedlemmet må innkallast i saka. Av omsyn til omdømmet og tilliten til

kontrollutvalet bør elles medlemmene ha ei så uavhengig stilling som mogleg i høve til all verksemd kommunen driv eller er engasjert i. Dette gjeld særleg selskap der kommunen har vesentleg økonomisk interesse og som såleis er gjenstand for selskapskontroll.

## **2.6 – talet på medlemer i kontrollutvalet.**

Ikkje merknader.

## **3.1 – opne møte i kontrollutvalet.**

Kommunelova. § 77. nr 8 må ikkje opphevast. Kontrollutvala har behov for ei eigen særskilt heimel for å lukke møta, utan å måtte grunngi nærare kva omsyn som er grunnlaget for lukkinga utover tilsyns- og kontrollmessige omsyn. Departementet si drøfting er mangelfull, særleg dersom ein les Prop. 152 L (2009-2010) i samanheng med forslaget, der Justisdept. har stilt spørsmål ved KR D sitt syn at ulike unntaksheimlar i off.lova er å rekne som ”tungtvegande off. interesser” og dermed kan gi grunnlag for lukking etter koml. § 31.

I staden bør koml. § 77 nr 8 bør bestå, men slik at hovudregelen blir at møta skal vere opne, men med høve for kontrollutvalet sjølv å vedta å lukke møtet i enkelthøve ”av tilsyns- og kontrollmessige omsyn”. Lukkingsvedtaket bør heller ikkje kunne prøvast etter koml. § 59 (lovlegkontroll).

Dersom det vert vedteke at møta i kontrollutvala skal vere opne og kontrollutvalet ikkje får eigen lukningsheimel, vil muligheita til å føre tilsyn verte svekka.

## **3.2 – særskilte rettar for mindretalet i kontrollutvalet?**

### **3.3 – kven skal ha fleirtalet i kontrollutvalet?**

Ikkje merknader. Dette er normalt noko som kommunestyra sjølv kan ordne opp i ved val av kontrollutval.

Er det ”ordna forhold” i kommunestyret sørger ein for at dette blir ivareteke.?

## **3.4 – kontrollutvalets tilgang til lukka møte i kommunestyret**

Ikkje merknader, men *retten* bør og gjelde opne møte med rett til møtegodtgjering, i saker som blir fremja til kommunestyret av kontrollutvalet.

## **4.3 – krav til overordna analyse som grunnlag for plan for selskapskontroll.**

Ikkje merknader.

## **6.1 – overskrifta i kommunelova § 80**

Ikkje merknader.

## **6.2 – kontrollutvalets rett til innsyn i selskap.**

Ikkje merknader, gjeld interkommunalt samarbeid etter koml. § 27 som er egne rettssubjekt.

## **6.3 – bør omgrepa om selskapskontroll klargjerast?**

Det er eit unisont ønske frå arbeidsgruppa KR D sette ned og som kom med dei 85 tilrådingane og mest heile ”bransjen” å få klargjort omgrepsbruken innan selskapskontrollen, og haldninga til KR D til dette er nedslåande. No blir det opp til kvart kontrollutval å finne sin veg, med den følgje at utvikling av faget selskapskontroll blir ståande still, og vi får inga felles forståing av kva dette er. Dette er alvorleg, og vi er ikkje tente med at det skal vere ”100 meiningar” om innhaldet i dette, særleg når ein av aktørane av rein eigeninteresse har

sikra seg "hevd" på ein del av selskapskontrollen ved å få den definert som forvaltningsrevisjon. Kva "forvaltningsrevisjon i selskap" er for noko har ingen hittil klargjort eller gjort forsøk på å klargjere, ettersom det sjølvsagt heller ikkje er mogleg.


KRD må sterkt oppfordrast til å endre oppfatning og få omgrepet selskapskontroll definert, slik at vi alle har ei felles og samla forståing av omgrepet selskapskontroll.

**Samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet vedtek høyringsuttale til endringar i kommunelova vedkomande eigenkontrollen i kommunane m.m. i samsvar med saksutgreiinga frå sekretariatet.
2. Kontrollutvalet ber KRD sikre lovmessig talerett i kommunestyret for kommunen sin revisor og kontrollutvalet sin sekretær i saker kontrollutvalet har hatt til behandling.

**Rett utskrift**

Måløy, 18. august 2011

  
Jostein Støylen  
dagleg leiar VKUS

Utskrift til: ✕ **Kommunal- og regionaldepartementet**

Kopi til: **Forum for kontroll og tilsyn**